

**MDG KINN PROGRAM  
2019-2023**

**miljøpartiet  
dei grøne**

# INNHALD

<b>1. BEREKRAFT OG NÆRING I KINN KOMMUNE</b>	<b>3</b>
1.1. SIRKULÆR ØKONOMI	3
1.2. ENERGIBRUK OG OPPHAVSGARANTERT, LOKAL STRAUM	3
1.3. TRANSPORT	3
1.4. GRØNT NÆRINGSLIV OG EKSPORT	4
1.5. KOMPETANSEUTVIKLING - HØGARE UTDANNING I KINN KOMMUNE	4
1.6. JORDBRUK OG SKOGBRUK	4
1.7. FISKERI OG MARITIME NÆRINGAR	5
1.8. FØRDEFJORDEN/ENGEBO	6
1.9. DIGITALISERING	6
1.10. OPPDRETTSNÆRINGA	6
1.11. VINDENERGI	6
1.12. BRUK AV NATUREN	6
1.13. AVFALLSHANTERING	7
<b>2. MILJØ OG BYUTVIKLING I KINN KOMMUNE</b>	<b>7</b>
2.1. LEVANDE BYSENER	7
2.2. NÆRMILJØ	7
2.3. PARSELL/KOLONIHAGAR	7
2.4. SYKKELBY	8
2.5. STILLHEIT	8
2.6. GRØNTAREAL OG NATUROMRÅDE	8
2.7. DYR OG INSEKT I KINN KOMMUNE	8
2.8. FOSSILFRI KOMMUNE	8
<b>3. BORN OG UNGDOM I KINN KOMMUNE</b>	<b>9</b>
3.1. BARNEHAGE	9
3.2. SKULE	9
3.3. ALLSIDIGE FRITIDSAKTIVITETAR OG KULTUR	10
3.4. FØREBYGGJANDE HELSEARBEID	10
3.5. TRYGGLEIK OG OPPVEKSTVILKÅR	10
3.6. LÆRLINGORDNING	11
<b>4. INNBYGGJAR I KINN KOMMUNE</b>	<b>11</b>
4.1. FOLKEHELSE	11
4.2. ANSATTPOLITIKK - INKLUDERANDE ARBEIDSLIV	11
4.3. INKLUDERING	12
4.4. INTEGRERING	12
4.5. HELSE OG OMSORG	12
4.6. FRISKLIVSSENTRAL	13
4.7. RUS	13
4.8. FRIVILLEGHEIT OG SAMSKAPING	13
4.9. LIKESTILLING	13
<b>5. KULTURLIV I KINN KOMMUNE</b>	<b>14</b>
5.1. KULTUR OG HISTORIE	14

5.2. KULTURARENAER	14
5.3. KULTURSKULE	14
5.4. KINO	14
5.5. KULTUR IDRETT OG FRILUFTSLIV I KINN KOMMUNE	15
<b>6. PENSJONIST I KINN KOMMUNE - LEVE HEILE LIVET</b>	<b>15</b>
6.1. ELDREOMSORG	15
6.2. VERDIGHEIT	15
<b>7. STYRINGA AV KINN KOMMUNE</b>	<b>16</b>
7.1. KINN KOMMUNE OG VERDA	16
7.2 GRØNE OG ETISKE INNKJØP	16
7.3. KINN SOM REGIONAL UTVIKLINGSAKTØR	17
7.4. KINN OG NABOKOMMUNANE	17
7.5. POLITIKAR I KINN	17

## INNLEIING

**Miljøpartiet Dei Grøne sitt mål er eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse. Økonomien skal vere underordna sunne økologiske prinsipp og fremje fred og rettferd både lokalt og globalt. Livskraftige lokalsamfunn, i hovudsak basert på lokale ressursar, er ein føresetnad for å nå målet. Vi tek mål av oss til å utforme ein heilskapleg politikk for notid og framtid, basert på tre grunnleggande solidaritetsprinsipp: *solidaritet med andre menneske, solidaritet med framtidige generasjonar og solidaritet med dyr og natur.***

*Frå Miljøpartiet Dei Grøne sitt prinsippprogram*

**I Kinn kommune stiller Miljøpartiet Dei Grøne til val for at Kinn kommune skal vere Vestland sin grønnaste kommune, med eit sterkt og miljømedvite næringsliv og ei drift av kommunen som er basert på grøne og miljøorienterte prinsipp.**

# 1. BEREKRAFT OG NÆRING I KINN KOMMUNE

## 1.1. SIRKULÆR ØKONOMI

MDG Kinn ynskjer å tenkje sirkulær økonomi i alt vi gjer, slik at ressursane våre vert nytta best mogleg. Prinsippet bak ein sirkulær økonomi er at ressursane skal helde fram å vere i økonomien lengst mogleg slik at ein reduserer råvarebruk, avfall, utslepp og energiforbruk til eit minimum. Det er òg eit mål for oss at ein kan bruke opp att produkt, sjølv utanom det opphavelige føremålet.

Kommunen kan spare store summar på eit medvite forhold til ressursbruken og vi må ha fokus på redusert forbruk framføre hovudlaus forbruksvekst. Vi vil også at Kinn Kommune skal drive ein eller fleire restekafear, der bedrifter donerer varer som ellers ville ha vorte kasta på grunn av dato. Ein restekafe vil sikre ansvarleg bruk av mat som ellers ville ha vorte avfall, og vil kunne ha fleire positive ringverknader i lokalsamfunna.

## 1.2. ENERGIBRUK OG OPPHAVSGARANTERT, LOKAL STRAUM

Det viktigare å spare på energibruken framføre å produsere meir. MDG Kinn ynskjer difor at alle bygg i Kinn Kommune skal byggjast, eller konverterast til, nullutsleppsbygg basert på bruk av termisk fornybar energi - til dømes sol, bioenergi, fjordvarme eller bergvarme - dette kombinert med opphavsgarantert straum frå lokale energikjelder som bølger, sol og vind.

## 1.3. TRANSPORT

Vår viktigaste Kystveg er den som går med båt mellom Florø og Måløy. Vi vil difor støtte arbeidet med å elektrifisere båtrutene som går mellom byane, og båtrutene rundt bysentra. MDG Kinn vil òg tilretteleggje for at flest mogleg kan gå og sykle til skule og arbeid gjennom tilrettelegging og positive føremoner. Vi vil og utgreie å prøve ut elektrisk sjølvkøyrande buss på bestilling på nokre strekningar.

MDG ynskjer òg å leggje til rette for at ekspressbussar og lokalbussar kan elektrifiserast og eventuelt gå på hydrogen gjennom tilrettelegging for fyllestasjonar med kortreist straum. Vi ynskjer at kortbanenettet til Avinor skal elektrifiserast og at Florø Lufthamn kan verte ein pioner på dette området. Hamnene våre skal tilby landstraum til alle fartøy, og dette arbeidet må prioriterast, då elektrifiseringa i maritim sektor vil skyte fart i åra som kjem.

MDG Kinn vil ha inn eit forbod mot tomgangskøyring i politivedtektene.

#### 1.4. GRØNT NÆRINGS LIV OG EKSPORT

MDG Kinn heiar på grøne gründarar som kan bidra til eit meir berekraftig næringsliv. Den største marknaden - og det største behovet - for varene og tenestene våre ligg utanfor kommunegrensene våre. Det betyr at vi må fokusere på å byggje opp gode relasjonar til store regionar som har behov for det vi er spesialiserte på, det vere seg energiteknologi, maritim sektor, marine næringar, IKT og andre store område der vi har særskilt høg kompetanse.

Med bakgrunn i berekraftsmåla skal kommunen gjennomgå tidenes kreativitetsløft og innovasjonssatsing saman med ekspertar på området og i tett dialog med næringsliv, kommune, Innovasjon Norge og aktuelle venskaps- og handelsregionar. Om vi eksporterar grøne produkt, tenester og løysingar, så vil vi få mykje større innverknad i det globale klimaarbeidet.

#### 1.5. KOMPETANSEUTVIKLING - HØGARE UTDANNING I KINN KOMMUNE

MDG Kinn meiner at det må vere eit høgskuletilbod i Kinn kommune, då Kinn kommune vert ein av dei største kommunane i Vestland fylke og ein stor aktør innan næringslivet, og da særskilt maritim sektor. Dette vert viktig for å sikre arbeidsplassar som tek oss over i det grøne skiftet. MDG Kinn ynskjer kompetanseheving innanfor grøn teknologi til Kinn Kommune, med utgangspunkt i næringslivet i kommunen og i samarbeid og i dialog med dei. Skulen skal kunne dra vekslar på næringslivets kompetanse og ressursar i heile kommunen, og samarbeide med desse om utdanning og næringsutvikling.

Kinn kommune må leggje til rette for dialogfora og samarbeid mellom høgskule og næringsliv, og ta ansvar for eit godt studentmiljø i kommunen.

#### 1.6. JORDBRUK OG SKOGBRUK

Jordbruket er av dei viktigaste fornybare næringane vi har, grunnlaget for menneskelig sivilisasjon. Samstundes er jordbruket ei av dei næringane i Kinn med høgast utslepp av klimagassar, rett etter vegtrafikk. MDG Kinn ynskjer ei utvikling der jordbruket bidreg til å motverke klimaendringar ved å forvalte matjorda slik at livet i jorda vert styrka, karboninnhaldet aukar og næringstapet gjerast minst mogleg. Dette vil kunne gjere at jordbruket i framtida samla sett bind drivhusgassar og slik bidreg til å bremse klimaendringar.

Jordbruk og skogbruk heng ofte tett saman, og kan spele ei sentral rolle i å utvikle verdikjeder med bruk av bioenergi der det før er nytta fossile energibærarar. Ein bør gå over til å bruke jord- og skogbruksmaskiner som nyttar fornybar energi, helst frå lokale kjelder.

Skogen er viktig for å ta opp CO<sub>2</sub> og for å halde på karbon, skogplanting er slik av dei mest effektive klimatiltaka vi har. Riktig forvalta skog er og svært viktig for å verne naturmangfaldet som i dag er under press frå menneskeleg aktivitet. MDG Kinn ynskjer god forvaltning og utvikling av skogbruket i samsvar med bærekraftsmåla og har tru på at alternativ til flatehogst vil kunne gagne naturverdiar og avkastning ved bedre gjenvekst.

Produksjon av biokol og varme ved bruk av biomasse frå jord og skogbruk kan bli ei viktig næring for å auke effektiviteten i jordbruket sjølv, og som salsvare til industrier som forproduksjon, betong, renseanlegg, metallindustri m.m samstundes som det er eit svært lovande klimatiltak.

## 1.7. FISKERI OG MARITIME NÆRINGAR

For MDG Kinn er livet i havet veldig viktig å ta vare på og forvalte på ein berekraftig måte. Med det verdsleiande fiskeriet vi har i kommunen vår, har vi eit særskilt ansvar for å utvikle beste praksis på moderne fiskeri. Fiskeria må gå framføre i kampen mot plast i havet, og MDG Kinn vil stimulere til utvikling av ny teknologi som kan hindre at plast og mikroplast hamnar i matfatet vårt. Vi vil sjå på moglegheiter for panteordningar på plast, garn og emballasje frå fiskeria slik at ein får ein ekstra motivasjon for å halde mest mogleg avfall vekke frå hava. MDG Kinn vil legge til rette for utbygging av landstrøm på kaiene våre slik at fiskeflåten kan elektrifiserast snarast råd. Dette er bra for miljøet og det biologiske mangfaldet i havområda, men det vil òg vere svært positivt for støy og arbeidsvilkår om bord.

Gruveslamdumping i fjordane våre er vi imot, då dette har uønska effekt for livet under vatn.

## 1.8. FØRDEFJORDEN/ENGEBØ

Kinn MDG vil gjere det vi kan for å få stoppa sjødeponi i Førdefjorden. Alternativ drift på Engebø som ikkje inkluderar sjødeponi må utgreiast nøyere og få gode betingelser.

## 1.9. DIGITALISERING

Digitalisering må nyttast til å effektivisere prosessar og kommunikasjon i Kinn kommune. All kommunikasjon som er mogleg bør føregå via digitale plattformer, både for å unngå utskrifter og transport av utskrifter, og ikkje minst for å unngå unødige reiser. Ved å auke den digitale kompetansen i befolkninga frå ung alder, e-sportklubbar til dataklubbar for eldre, så skal Kinn vere ein føregangskommune på bruk av digitale verktøy til beste for miljøet.

## 1.10. OPPDRETTSNÆRINGA

MDG Kinn meiner at oppdrettsnæringa må ha strengare krav til miljømedvitne driftsmetodar, og må få bukt med dei utfordringane dei har før dei kan vekse meir i vår kommune. MDG ynskjer ikkje ein samla auke i tradisjonelle oppdrettsanlegg i sjø i kommunen, men er positive til å utgreie meir miljømedvitne metodar, som lukka anlegg på land og til havs, og vil støtte tiltak som kan gjere eksisterande oppdrettsnæring grønar.

## 1.11. VINDENERGI

MDG vil halde fram arbeidet med å utvikle havvind som ein framtidig energikjelde. Samstundes har vindturbinar på land for store negative konsekvensar for naturmangfald og friluftsliv i vårt område. Kinn MDG vil difor seie nei til kraftutbygging med vindturbiner i Kinn kommune.

## 1.12. BRUK AV NATUREN

Vi i MDG Kinn meiner at dess betre vi tek vare på naturen som vårt felles ressursgrunnlag, dess betre tek vi vare på menneska. Difor er vi eit miljøparti som skal kjempe for å ta vare på miljøet vårt på den aller beste måten. Vi vil alltid vurdere om naturinngrep er naudsynt, sjølv om det kan gå på bekostning av smale grupper sitt ynskje om økonomisk gevinst. Naturen er ein type tilgjengeleg luksus som vi er så heldige å ha så mykje ut av, og det er viktig å sette fokus på dei verdiar i livet som stillheit, dyremangfald, naturmangfald, ein flott solnedgang, ein tur på fjellet i urørt

natur og så vidare. Verdiar som ikkje kan kjøpast for pengar bør då heller ikkje seljast for pengar. Den urørte naturen vår vil verte ein stadig meir etterspurd reiselivsattraksjon, og det vil opne opp moglegheiter for aktørar i eit berekraftig reiseliv. Kinn MDG vil leggje til rette for dette som ei viktig og framtidsretta næring.

### 1.13. AVFALLSHANDTERING

For ein grøn kommune er det viktig å ha ei god avfallshåndtering. MDG Kinn meiner at det er viktig å redusere avfallsmengda, og ynskjer å motivere til ombruk og gjenbruk framfor å kaste brukbare ting. Det må vere ein god bruktbuikk i sentrum av både Florøy og Måløy, og desse må ta imot brukbare ting som kjem inn, samtidig som det må vere eit kjent og brukt tilbod i kommunen. Dette kan gjerast i samarbeid med NAV eller andre aktørar.

## 2. MILJØ OG BYUTVIKLING I KINN KOMMUNE

### 2.1. LEVANDE BYSENTER

MDG Kinn vil ha gode og levande bysenter, kor innbyggjarane sine behov vert sett i sentrum. Det er viktig å bevare det som er spesielt ved dei to unike bysentra som vi har i kommunen, samtidig som utviklinga må leggje til rette for at det er liv husa i byane.

Vi vil leggje til rette for at det skal kunne seljast kortreist mat og grønne og berekraftige produkt, at det skal brukast mindre emballasje, og at det skal vere mogleg å velje å reparere framfor å kjøpe nytt.

### 2.2. NÆRMILJØ

MDG Kinn vil arbeide for å revitalisere bydelar og bygder med tilgong på leikeplassar, møteplassar og naturområder som gjer det mogleg for born og vaksne å møtast i nærmiljøet og skape samhandling og hygge på tvers av alle aldersgrupper.

### 2.3. PARSELL/KOLONIHAGAR

MDG Kinn vil vere offensive for å tilretteleggje for at folk skal kunne dyrke sine egne grønnsaker, kanskje i samarbeid med lokale bønder. Vi ynskjer og å gje barnehagar og skular tilgong til å kunne dyrke grønnsaker som ein del av undervisninga.



## 2.4. SYKKELBY

MDG Kinn vil vidareutvikle Kinn som ein sykkelkommune og vere ein pådrivar for tilrettelegging for sykklistar og gjere det lettare for folk å velje sykkel framfor bil. Vi vil sikre trygge og gode ferdselsveggar for syklistane.

## 2.5. STILLHEIT

Støy- og lysureininga har vesentlig negativ påverknad som skadar folk si helse og trivsel. Kinn MDG vil arbeide for ei støymelding som skal registrere og dokumentere støypåverknad. Det skal så setjast i gong tiltak for å redusere støy- og lysureininga. Til dømes er beplantning eit alternativ som kan redusere støy, overdriven lys- og anna forureining.

## 2.6. GRØNTAREAL OG NATUROMRÅDE

MDG Kinn ynskjer å verne og ta vare på viktig grøntareale i Kinn kommune, for å sikre befolkninga rekreasjon, og som et helseførebyggjande tiltak og for å ta vare på naturen.

MDG Kinn ynskjer å ivareta sunne og tilgjengelege vatn og vassdrag i heile kommunen, også i bynære strøk.

## 2.7. DYR OG INSEKT I KINN KOMMUNE

For oss i MDG Kinn er det viktig å ta vare på dyra og insekta våre i kommunen. Mange av desse er truga, som til dømes biene, og vi må legge til rette for at vi tek vår del av jobben for å bevare artsmangfaldet. Dei siste tiåra har artsmangfaldet vorte redusert med heile 60 %, og dette skjer i lokalsamfunn over heile kloden. Det er difor avgjerande at vi i Kinn går føre som eit godt døme på korleis vi behandlar både små og store artar på ein berekraftig måte, til dømes ved å behalde graset og ville blomar i parkområder og grøftkantar.

## 2.8. FOSSILFRI KOMMUNE

MDG Kinn vil at Kinn kommune skal arbeide for å verte ein fossilfri kommune. I dette ligg det at kommunen alltid skal søke å finne alternativ til bruk av fossil energi (t.d. bruk av elektriske transportmiddel). Det skal vere attraktivt å gå og sykle dei korte avstandane, gode kollektive forbindelsar på dei litt lengre, og bilen skal berre brukast når det er heilt naudsynt. Energien skal vere fornybar, og det skal være lett å leve miljøvenleg i Kinn. Nye kommunale kjørety må vere utsleppsfrie, og det er eit

mål at drosjenæringa og anna transportbasert næring skal vere det same. MDG Kinn vil fremje bildeling og samkøyring.

## 3. BORN OG UNGDOM I KINN KOMMUNE

### 3.1. BARNEHAGE

MDG Kinn ynskjer å ha fokus på små og mellomstore barnehagar i kommunen. Forsking syner at for store barnehagar ikkje er gunstig for borna sin trivsel og tryggleikskjensle. Det er eit viktig prinsipp for oss at barnehagane vert ein arena der ungane får vere mykje ute i naturen for å sette pris på den tilgjengelege luksusen som naturen er for alle. Kunnskapen om naturen og økosystemet bør ha høg prioritet og gleda over naturen må etablerast tidleg hos dei minste innbyggjarane våre.

Vi vil at borna og dei barnehageansatte si velferd skal være ein prioritet når det gjeld spørsmål om privatisering eller kommunale barnehagar.

### 3.2. SKULE

MDG Kinn ser det som viktig å byggje vidare på det gode arbeidet som er gjort i skulesektoren i både Flora og Vågsøy kommune. Dette inneber at politikarane må høyre på både elevar og lærarar når skulepolitikken skal utformast. Det må lagast ein oppdatert skule- og oppvekstplan for Kinn kommune, kor det går fram kva som vil vere kommunen sine viktigaste satsingsområde. Ein viktig del av dette er å sikre lærarane gode arbeidstilhøve, og å halde fram og styrke satsinga på etter- og vidareutdanning av lærarar.

MDG Kinn vil jobbe for å auke fokus på livsmeistring i grunnskulen. Fleire born og unge i kommunen slit med psykiske plager og skulevegving. Vi meiner at styrka fokus på pedagogisk oppfølging av elevane som treng det mest, samt livsmeistring og psykologisk førstehjelp i skulen, vil kunne støtte den generelle folkehelsa.

MDG Kinn meiner at ein i småskulen må ha eit større fokus på læring gjennom leik og bevegelse, spesielt for dei minste borna. Skulane må ha tilstrekkeleg utstyr som er tilpassa undervisning knytt til leik, og det må vere tid til spontanitet, ro, repetisjon, og variasjon. Born med ekstra stort læringspotensial (evnerike barn) må sikrast egna tiltak der dette er mogleg.

MDG Kinn vil styrke dei praktisk-estetiske og kreative faga.

Kinn kommune må vere åpen for å prøve ut fleksibel skulestart dersom dette er aktuelt og i tråd med pedagogiske anbefalingar.

Det er viktig å halde på ordninga med ein gratis kulturskuletime i tilknytning til skulane. Dette må det vere tilbod om på alle skular i kommunen.

MDG meiner at lokale og folkenære tilbod for born og familiar er viktig for trivsel og folkehelse. Vi vil at grendaskulane skal bestå, og at så mange born som mogleg skal kunne gå på skule i eige nærmiljø. Vi vil at det skal leggjast til rette for bruk av naturen i undervisning.

### 3.3. ALLSIDIGE FRITIDSAKTIVITETAR OG KULTUR

MDG vil setje naturen og kreativiteten i senter for kulturen vår, der vi har lært oss å dyrke det fantastiske potensialet som ligg i omgjevnadene våre, og enkeltpersonar og grupper sine unike eigenskapar.

MDG Kinn vil leggje til rette for gode tilbod for all ungdom. Dette inkluderer fokus på drift og etablering av ungdomshus. MDG Kinn vil ha fokus på at ungdom er ein ressurs i kommunane; for ein grønare kvardag, for kultur, og for folkehelse.

MDG Kinn støttar «Fritidserklæringa», som gjev alle born og unge rett på fritidsaktivitet uavhengig av foreldrene sin sosiale eller økonomiske status.

### 3.4. FØREBYGGJANDE HELSEARBEID

Det er viktig å styrke helsestasjon og skulehelseteneste med sikte på tidleg innsats og tidleg førebyggjing for helsesituasjonen til born og unge. Ved å gje alle born og ungdom moglegheit til å delta og medverke på fritidsaktivitetar kan ein i større grad fange opp utfordringar og påverke i positiv retning. Dette kan til dømes gjerast ved å etablere idrettsorganiserte e-sportklubbar for den veksande gruppa dataspelarar i befolkninga vår.

### 3.5. TRYGGLEIK OG OPPVEKSTVILKÅR

Kinn kommune skal vere ein svært god, inkluderande og trygg kommune å vekse opp i. MDG Kinn vil difor fokusere på tidleg innsats og god dialog mellom tenester som jobbar med born og unge, som bornevern og helsestasjon og foreldre.

Vi vil tryggje mottakarar av sosialstønad sin rett på barnetrygd.

## 3.6 LÆRLINGORDNING

Det er viktig å satse på bruk av opplæringskontor som stimulerer yrkeslivet til å ta inn lærlingar. Dette er ikkje minst viktig med tanke på å fremje yrkesfaglege retningar. Vi ønsker å snu trenden med at vi misser ungdommane våre til byane, og vil at Kinn kommune skal bidra til å byggje opp gode fellesarena for lærlingane slik at desse får den beste overgangen til det lokale yrkeslivet som mogleg.

Kinn kommune skal tilby eit betydelig tal lærling- og praksisplassar i kommunal regi.

# 4. INNBYGGJAR I KINN KOMMUNE

## 4.1. FOLKEHELSE

Folkehelse skal vere eit fundament i politiske avgjerder. MDG Kinn vil jobbe utifrå eit

heilskapeleg folkehelseperspektiv som ivaretar innbyggjarane sitt behov for god livskvalitet. Vi vil gje tilgang til gode tenester gjennom heile livsløpet, trygge lokalsamfunna, og sikre framtidretta og bærekraftige arbeidsplassar.

Med folkehelsa i fokus vil MDG Kinn vere ein garantist for at folk si helse og trivsel skal prioriterast. Dette er for å sikre gode bu- og oppvekstvilkår og for å skape ein god og trygg kommune. MDG Kinn vil knyte behov, tilbod og grupper saman for betre folkehelse. Vi ynskjer å bu i en kommune der vi ser samanhengar i tenester og i politiske saker – vi vil bu i ein kommune der vi tek vare på kvarande.

## 4.2. ANSATTPOLITIKK - INKLUDERANDE ARBEIDSLIV

MDG Kinn har eit mål om at kommunen skal vere rangert som den beste arbeidsgjevaren i kommunal sektor der vi etablerer “neste praksis” på medarbedarutvikling, lågt sjukefråvær, høg trivsel og høg produktivitet i eit unikt teamarbeid til beste for innbyggjarane våre.

Det er arbeidsgjevar si oppgåve å leggje til rette for at arbeidstakarar har det bra. For å få gjennomført dette i kommunen må kommune sine ansatte ha regelmessig mulighet til å ivareta eigen jobbtrivsel, gjennom aktivitet, trening og ventilerings, samt gode grupper og dialogordningar for å sikre at dei tilsette får medverknad på eigen arbeidskvardag. Det bør setjast av ein time i veka for slik aktivitet. Kinn kommune skal fremje likeverd mellom arbeidstakarar og skape gode møteplassar og kvalitet som fremjar trivsel på arbeidsplassen.

### 4.3. INKLUDERING

Alle innbyggjarar skal ha ein jobb å gå til eller ei samfunnsoppgåve å utføre, slik at dei er bevisst på at dei er inkluderte og verdifulle i fellesskapet vårt. Også dei som ikkje er i det «ordinære» arbeidslivet skal ha ein meningsfull kvardag.

### 4.4. INTEGRERING

MDG vil at Kinn skal vere ein mangfaldig kommune, der alle innbyggjarane er ressursar for fellesskapet. Dette betyr at integreringa i kommunen må styrkast. Det gode arbeidet som gjerast på KF Innvandrarsenteret i samarbeid med Frivilligsentralen og andre tenester og organisasjonar må fortsette, og kommunen må samordne sine ressursar med sikte på å vere ein inkluderande kommune også for nye landsmenn. Sentrale element her vil vere språkopplæring, arbeid og sosiale og kulturelle aktivitetar. Kinn MDG meiner at Kinn kommune skal ha tilstrekkelig god integreringspolitikk til å kunne ta imot det tal på flyktningar som staten ber oss om å ta imot. I denne samanhengen vil det være særskild viktig å leggje til rette for at dette skjer med bustader og inkluderande aktivitetar.

### 4.5. HELSE OG OMSORG

I 2025 får vi langt meir kvalitet ut av kvar kommunal helsekrone fordi vi har vore flinke til å involvere innbyggjarane meir og sikre førebyggjande innsats og eigeninnsats slik at helsekronene vert brukte der dei trengst som mest. Det er difor ekstra viktig å sjå til at helsesektoren også i framtida har gode økonomiske rammer rundt verksemda si.

Innbyggjarar i Kinn kommune skal vere sikra ei god legevaktteneste i nærleiken av der dei bur. Det er også viktig å ha ein jordmorteneste som kan fungere til beste for dei fødande. Dette gjer det viktig å ivareta god samhandling og dialog mellom helsetenestene.

Heimebasert omsorg og velferdsteknologi vil vere eit sentralt element både for å ivareta dei mest pleietrengjande, og innbyggjarar som treng samansette tenester. Generelt skal sektoren vere den mest kreative og innovative i Noreg, slik at ressursane vert nytta maksimalt til tenesteproduksjon og førebygging framføre unødig administrasjon og brannslukking. Ein må difor prioritere utviklingsarbeid i sektoren.

## 4.6. FRISKLIVSSENTRAL

Frisklivscentralen er eit lågterskelstilbod som skal støtte innbyggjarane i Kinn sitt behov for helse og livskvalitet. Føremålet med frisklivssentraler er å fremje fysisk og psykisk helse og å førebygge eller avgrense utvikling av sjukdom. MDG Kinn vil jobbe for at Frisklivscentralen i Kinn kommune vert betrakteleg styrka opp mot det som finst i dei noverandre kommunane. Alle innbyggjarar i Kinn kommune skal ha tilgang til eit godt tilbod gjennom Frisklivscentralen, i tett samarbeid med aktørar som folkehelsekoordinator, helsetenesta og NAV.

## 4.7. RUS

MDG Kinn ynskjer å stille helsetenestene til ansvar for vidare utvikling av forskningsbaserte tilbod for rusmisbrukarar. Dette må sjåast i samanheng med førebygging, men òg med gode tilbod til dei tyngste rusmisbrukarane. Vi ynskjer fleire tilrettelagte arbeidstilbod retta mot rusmiddelavhengige og tidlegare rusmiddelavhengige i samarbeid med NAV.

## 4.8. FRIVILLEGHEIT OG SAMSKAPING

MDG Kinn vil heie på frivilligheita og legge til rette for at flest mogleg ser verdien av å yte ein frivilleg innsats til glede for både seg sjølv og for medborgarane. Eit døme på dette er i eldreomsorgen. Vi vil leggje til rette for at innbyggjarane får høve til å ta medansvar for å skape ein best mogleg kommune å bu i.

I denne samanhengen er det òg naturleg å sjå på koleis kommune, innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv kan sette i gong ei lang rekke samskapingssprosjekt der vi løyser små og store utfordringar i fellesskap. Det ligg utruleg med verdi i gode samskapingssprosjekt, verdiar som vil betre det totale tilbodet til innbyggjarane våre. Kinn MDG vil heie på alle som vil tenke utradisjonelt og som utfordrar vedtekne sanningar, for det må ofte tenkjast nytt for å få positiv utvikling.

## 4.9. LIKESTILLING

MDG Kinn meiner at det er viktig å ha eit sterkt fokus på omsorgsyrke, og å leggje til rette for at desse yrka skal ha ein god miks av både mannlege og kvinnelege arbeidstakarar i ulike aldrar. Dette vil styrke omsorgssektoren. I skuleverket må det vere fokus på at både gutar og jenter kan gjere utradisjonelle val, mellom anna ved at ein får innsikt i, og får prøve seg på, ulike yrke på tvers av tradisjonelle kjønnsrollemønster. Dette gjeld arbeid, kultur, kjønnsidentitet, legning og val av livspartnarar.

MDG vil at Kinn kommune skal vere ein open og mangfaldig kommune for dei val som innbyggjarane gjer. Vi ønskjer “Pride” i både Florø og Måløy for å støtte opp under LHBTI-personer sin kamp for likeverd og respekt. MDG Kinn meiner at kommunen må ha sterkare medvit rundt at både menn og kvinner skal ha gode moglegheiter til ulike val og utvikling i kommunen, og vi vil difor heie på ein mangfaldig Kinn kommune.

## 5. KULTURLIV I KINN KOMMUNE

MDG Kinn vil auke fokus på kultur som eit poeng for folkehelse i kommunen. Utanom folkehelseperspektivet har kulturen og ein eigenverdi, ved å lære oss å ta vare på samfunnet, historia og fellesskapet vårt.

### 5.1. KULTUR OG HISTORIE

MDG vil styrke Kystmuseet og ta Kinn si rolle som vertskommune på alvor. Dette gjeld både museet i Florø og Vågsberget i Vågsvåg.

Måløyraidsenteret er eit sentralt element i Vestlandet si historie. MDG Kinn meiner at Kinn kommune skal støtte opp om ein positiv utvikling av senteret si vidare drift.

### 5.2. KULTURARENAER

Det skal vere sterke og gode felles scener og arenaer for kunstnarar og kulturliv. Det må vere fokus på rusfrie fellesarrangement og hendingar for ungdom.

### 5.3. KULTURSKULE

Kommunen har ein svært god kulturskule som må styrkast og vidareutviklast. Det må vere mogleg for born å få plass på kulturskulen sjølv om foreldra ikkje har høg inntekt.

### 5.4. KINO

Kinoane må satsast på som arena for store og små, og det er eit kommunalt ansvar å sikre eit tilbod for dette i heile kommunen, og da særleg begge kommunesentra.

## 5.5. KULTUR, IDRETT OG FRILUFTSLIV I KINN KOMMUNE

MDG Kinn meiner at friluftsliv og idrett er nokre av berebjelkane i eit sunt, lukkeleg og berekraftig lokalsamfunn. For oss er allsidigheit viktig, særskilt i ung alder. Vi ønskjer å legge til rette for at folk held seg i aktivitet, og for oss er naturen den viktigaste arenaen for fysisk aktivitet. Kinn kommune må satse meir på førebyggjande helsearbeid gjennom eit auka fokus på folkehelsekoordinatoren sitt viktige arbeid. Vi er så heldige i Kinn kommune å bu tett på naturen, og aktivitetar på fjell, i skog, på sjø og elles vil gje enorme gevinstar både for kvar einskilt innbyggjar og for folkehelsa samla sett. Fokuset vårt vil difor vere å legge til rette for mest mogleg bruk av naturen vår i folkehelsearbeidet. Det gjev ikkje berre ein fysisk gevinst, men det vil i tillegg bety noko for den mentale helsa og ikkje minst vil det bety noko for nærleiken og kjærleiken vår til naturen. Med auka aktivitet vil innbyggjarane få eit lukkelegare liv med god helse og presset på helsetenestene vil verte redusert, noko som igjen betrar kommuneøkonomien. MDG vil òg legge til rette for at kommunen sikrar arenaer for idrettar som treng særskilte treningsvilkår, som til dømes hallidrettar og e-sport, slik at vi klarer å halde både små og store organiserte med positive aktivitetar. Her ønskjer vi at dei ulike idrettane i heile kommunen jobbar samla for å oppnå best mogleg synergjar i planlegginga av idrettsanlegg, og vi ser gjerne ut over kommunegrensene der dette er naturleg. Her vil frivilligheita, næringslivet, lag, organisasjonar og andre forvaltningsorgan verte viktige partnerar. Vi må ta omsyn til at kommunen er pressa på økonomi, så vi kan ikkje late manglande investeringar vere ei sovepute for å avstå frå fysisk aktivitet. Lat oss vere kreative i Kinn kommune og halde oss i aktivitet i alt slags vêt!

## 6. PENSJONIST I KINN KOMMUNE – LEVE HEILE LIVET

### 6.1. ELDREOMSORG

I 2025 skal Kinn kommune vere viden kjent for å ha den beste eldreomsorga med rom for å kunne bu heime med god helse heile livet. MDG Kinn vil jobbe for ei inkluderande eldreomsorg der dei eldre sin trivsel vert satt i fokus. Vi ynskjer å bu i ein kommune der det er fokus på eldre som ein ressurs for familie og samfunn. MDG Kinn ynskjer difor å legge til rette for faste møtepunkt på tvers av generasjonar for alle eldre, både dei som bur heime og dei som bur på institusjon. Dette kan mellom anna skje gjennom samhandling mellom barnehagar, skule og yrkesliv.

### 6.2. VERDIGHEIT

Verdigheit er eit ord MDG Kinn vil legge til grunn for alle innbyggjarane våre, uansett i kva livsfase ein er.

MDG er opptatt av å ha ein kvardag for dei eldre som reflekterer individet sine behov, ynskjer og lyster. Det er difor viktig at både kommune, brukar og pårørande



deler den same oppfatninga av kva som er ei verdig eldreomsorg. Ei felles forståing og ei rolleavklaring mellom partane vil føre til ei større oppleving av kvalitet i tenestene og til mindre støy på bakgrunn av feil forventningar.

Kinn MDG ønskjer å prioritere auka grunnbemanning innan eldreomsorgen, og sikre ein heiltidskultur for dei ansatte.

## 7. STYRINGA AV KINN KOMMUNE

Det viktigaste for MDG Kinn er at kommunen skal ha ein ansvarleg økonomisk politikk som gjer det mogleg å utvikle kommunen og ha ein fornuftig styring av dette. MDG Kinn vil ikkje kunne vere med på å vedta budsjett som ikkje går i forsvarleg balanse. Dette vil vi mellom anna gjere gjennom å fokusere på å redusere lånegjelda ved å redusere forbruket og investeringane der dette er mogleg. For å oppnå dette vil vi tenke alternativt, kreativt, innovativt, sirkulært og naturbasert. Vi vil sikre ein heilskapleg kommune med gode tenester i distrikta så vel som i bysentra.

### 7.1. KINN KOMMUNE OG VERDA

Kinn kommune er ein del av verda og det skal vi vise på alle moglege måtar. Vi skal ta vår del av ansvaret for ei berekraftig samfunnsutvikling, både ved å handle der vi sjølve kan verte betre, og ved å hjelpe til å spele andre gode andre stader i verda. Vi trur at godt samarbeid og romslegheit ut over kommunegrensene er positivt for ei god og berekraftig samfunnsutvikling, og vi må difor vere opne for både å lære av andre og lære vekk det vi kan slik at vi kan vekse saman som eit stort, globalt samfunn med eit berekraftig klima, likskap for alle og sosial utjamning som viktige fellesoppgåver. Vi legg FN sine berekraftsmål til grunn for vårt globale engasjement.

### 7.2. GRØNE OG ETISKE INNKJØP

Kinn kommune har stor innkjøpsmakt, og må som offentleg aktør gå framføre som eit godt døme på offentlege innkjøp. Det må stillast krav til miljø, dyrevelferd og sosial berekraft i alle kommunale innkjøp, og ved utleige av offentleg grunn. MDG Kinn vil at Kinn skal verte fairtrade-kommune.

Kommunen må trekke finansielle investeringar, plasseringar og forsikringar ut av kol, olje og gassverksemd, og velje plasseringar med god klimaprofil.

### 7.3. KINN SOM REGIONAL UTVIKLINGSAKTØR

MDG Kinn ønskjer å legge til rette for kreativitet, innovasjon og utvikling i kommunen og i heile regionen elles. Målet må vere at Kinn kommune går i front når det gjeld omlegginga til eit berekraftig lokalsamfunn, eit berekraftig næringsliv og berekraftig kommunal drift. Bedriftene skal støttast og motiverast til å ha fokus på miljø og berekraftig forretningsverksemd, på same måten som kommunen sjølv tek sin del av ansvaret som den største arbeidsplassen i regionen. Vi har ei klar forventning om at Kinn kommune skal vere i god posisjon til å få statlege organ og arbeidsplassar som ein sentral del av Vestland fylke, og då særleg innan maritim sektor, marin næring, fornybar energi og IKT.

### 7.4. KINN OG NABOKOMMUNANE

MDG Kinn meiner at Kinn bør vere ein samla kommune, og ønskjer å leggje til rette for at Bremanger skal bli ein del av kommunen når dei ønskjer det. Alternativet er eit ekstra tett samarbeid med Bremanger som ein positiv partner i samfunnsutviklinga der vi sit i den same båten.

Både Førde og Nordfjardeid er viktige kommunesenter for nabokommunane. MDG Kinn vil heie fram gode tiltak i desse kommunene, og meiner at statlege arbeidsplassar og annan aktivitet i heile den ytre og midtre fjordregionen vil vere noko som kjem heile fellesskapet til gode.

I eit samarbeid med Sunnfjord og kommunane i Nordfjord vil det vere viktig at bygdene i både Kinn og nabokommunene må takast omsyn til og utviklast positivt vidare. Det rår nemleg eit stort og positivt engasjement i bygdene i heile regionen og desse er ein stor del av hjartet i ei positiv samfunnsutvikling, ikkje minst med tanke på nærleik til naturen. Nært er kjær!

### 7.5. POLITIKAR I KINN

MDG Kinn ser at det er viktig med ein sterk politisk styring av kommunen, kor vi må sikre at både Florø og Måløy, Deknepollen og Eikefjord, byane og distriktet, blir høyrte der avgjerdsleane vert fatta.

På dei ulike områda av politikken er det særst viktig å høyre på dei brukarane som har dei største behova for tenester. Eit døme på dette er at Kinn kommune må ha eit sterkt Ungdommens Bystyre, eit sterkt eldreråd og eit godt råd for funksjonshemma. MDG vil sørge for at desse organa vert høyrte i alle kommunale beslutningsorgan i

alle saker kor kommunen skal lage planar eller fatte vedtak som påverkar desse gruppene.

Det er også viktig å vere medvitne på å høyre på grupper i kommunen som ikkje har sterke talspersonar for sine interesser. MDG Kinn skal alltid vere eit parti som skal løfte fram saker for dei svakast stilte i samfunnet.